

EIUT AS
Postboks 38 Fantoft
5899 BERGEN

Dato: 24.01.2017
Vår ref.: 2015/2163-118
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Slettebakken hovedgård - gnr 160 bnr 938 - Bergen - Askeladden ID: 87158-1 - Ekstratilskot statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden Dykkar, dagsett 01.11.2015.

Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 06.12.2016, sak 166/16.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit **ekstratilskot på kr 200.000,-** av midlar frå statsbudsjettet 2016, kap. 1429 post 71 - tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø.

Tilskotet skal nyttast til arbeid med grunnmuren, jf. søknad om tilskot og søknad om dispensasjon. Eventuelle overskytande midlar kan brukast til restaurering av vindaug.

Grunngjeving

Asplan Viak har utarbeidd ein omfattande rapport som beskriv ulike tiltak på bygningen. Eigar har henta inn to tilbod som har litt ulikt innhald, og der kostnaden varierer mykje. Det er vurdert at den mest omfattande- og dyraste kalkylen er den som møter realiteten i prosjektet best, og det er denne administrasjonen har lagt til grunn. Vi vel i denne omgang å tilrå at det vert løyvd midlar til grunnmuren. Dette er ei bygning som tener som privat bustad, men kostnadene ved tiltaket er stort. I tillegg til tidlegare tildeling av kr 350.000,- vert det difor no gitt eit ekstratilskot på kr 200.000,-.

Ein føresetnad for tilskot er at det blir nytta handverkarar som har kompetanse frå tilsvarande prosjekt, samt at det vert nytta tradisjonelle materialar og metode.

Kontaktperson i HFK er Roald Landøy når det gjeld den faglege utføringa, og Stein Ottosen når det gjeld økonomi/utbetalingar.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld for inneverande år og ut påfølgjande år.

Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren, **før** arbeidet vert sett i gang.

Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert. Hastar det med å koma i gang med arbeidet, kan De ringa oss v/ Erlend Hofstad 55 37 80 24), så skal me vera så raske og fleksible som mogleg for å få det formelle på plass.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

Vilkår for utbetaling av tilskot

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservatoren for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet, dokumentert med fotografi, både før og etter arbeidet.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

Retningslinene frå Riksantikvaren

Vi legg ved retningslinene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Vedtaket kan påklagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen, Roald Landøy

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema som skal signerast og sendast i retur til Hordaland fylkeskommun